



Kvifor misjonsavtale med NMS?

Jesus sa:

«Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar» (Matt. 28,18).

Han sa òg:

«Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei» (Matt. 7,12).

I Den norske kyrkja sitt dokument *Misjon til forandring* står det blant anna: «Kyrkja og alle døypte er sende av den treeinige Gud for å dele evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling.»

NMS sin visjon er: **Ei levande kyrkje over heile jorda.**

Gjennom å vera ein brubyggar innan det fellesskapet som utgjer den verdsvide kyrkja, ønsker vi med misjonsavtalen å: **Skape misjonsengasjement med eit lokalt og globalt perspektiv.**

NMS har verdifulle ressursar til bruk i kyrkjelydsutvikling.

SAMAN

- Deler vi trua på Jesus
- Kjempar vi mot urett
- Utryddar vi fattigdom

BARN OG UNGE

I alle dei landa der NMS er engasjert er barn og unge ei sentral målgruppe. NMS sin barne- og ungdomsorganisasjon (NMSU) har ressursar til bruk i kyrkjelyden si trusopplæring og konfirmantundervisning.

OPPFØLGING FRÅ NMS

Oppfølging skjer både via lokalt tilsette/ frivillige i Noreg og ein informant med god kjennskap til landet kyrkjelyden vel å støtte. Kyrkjelyden får nyhende-brev per e-post tre gonger årleg og kan òg sjølv kontakte informanten. Bladet MT (Misjonstidende) vert sendt kostnadsfritt seks gonger per år.

På nms.no finn ein aktuell informasjon. Kyrkjelyden får òg si eiga side på nms.no med nyhende og blogg m.m. frå landet.

Innbetaling skjer ved bruk av tilsendt KID-nummer til konto 8220 02 85057.

KYRKJELYDEN SITT ANSVAR

Kyrkjelyden legg til rette for forbøn, givarteneste, innhenting av informasjon og å skape interesse og engasjement for avtalen.



KJÆRE KYRKJELYD



KONTAKT OSS PÅ E-POST: menighet@nms.no eller TELEFON: 51 51 61 00



DELER TRUA
PÅ JESUS



UTRYDDAR
FATTIGDOM



KJEMPAR
MOT URETT

NMS tilbyr misjonsavtale med fokus på eit av følgjande land:

SAMAN forandrar VI VERDA

SAMAN MED Carlisle bispedømme er vi med på å etablere møteplassar for barn og unge der dei kan bli kjende med trua på Jesus. I 2010 var berre 235 ungdommar (av eit folketal på 500 000) i kontakt med lokalt kyrkjelydsarbeid ein eller fleire gonger per månad. I 2019 hadde talet vakse til nærmare 2000. Møteplassane kan vere lavterskeltilbod som fotball og kakao i parken, ungdomskyrkjelydar kalla «Network Youth Church» eller større samlingar med ulike aktivitetar, fellesskap og høve til å snakke om tru. Vi bidreg òg til leiartrening for unge lokale leiingar.



ENGLAND

©ISTOCK

VI SAMARBEIDAR MED Den estiske evangelisk-lutherske kyrkja om kyrkjelyds- og kyrkjebygging i Mustamäe og Saku. Kyrkjebygga er i ferd med å reise seg, og kyrkjelydane har vakse frå null til over 100 i løpet av ein tiårsperiode. Arbeid blant barn og unge er viktig sidan dette var strengt forbudt i 50 år under sovjetisk styre. Vi støttar kristent mediearbeid av og for ungdom; magasin, radiosendingar, film og innhald til sosiale medier. Vi bidreg til nytt liv i kyrkja i eit av Europas mest sekulariserte land.



ESTLAND


©NMS-INFO



MIDTAUSTEN

©MARIT MJØLSNESET/NMS

SAMAN MED fleire partnerar er vi med i kristent mediearbeid og arbeid for kvinner sine rettar. Vi gir støtte til forfølgde og arbeider blant nordafrikanske migrantar i Spania. Marginaliserte og utsette grupper får på den måten støtte og hjelp til å sjå rettane sine og si eigen verdi. Vi bidreg òg til bibelspreiing og teologisk utdanning. Vi gjer Guds kjærleik synleg i område som i stor grad er lukka for kristen misjon.



ETIOPIA

©MARIT MJØLSNESET/NMS

SAMAN MED fleire samarbeidspartnerar bidreg vi til å bygge positiv identitet for marginaliserte folkegrupper gjennom språk-, kultur- og ungdomsarbeid. Dette gjer ein m.a. gjennom workshops, kurs og stipendordningar. Vi er med på å kjempe mot kvinneleg omskjering, barneekteskap og skadar knytt til fødsel, og jobbar for kvinner sine rettar. Det vert arbeidd med omsetting av Bibelen til gumuz-språket. Bibelfortellingar og bibelvers vert òg omsette og gjort tilgjengelege på andre minoritetsspråk, både munnleg og skriftleg. Vi bidreg til å støtte og løfte opp marginaliserte grupper i samfunnet.

SAMAN MED Den evangelisk lutherske kyrkja i Thailand er vi med på å gi barn og unge frå fattige kår ein betre start på livet. I tillegg støttar vi opplæring og kursing for kyrkja sine medarbeidarar og medlemmar. Vi bidreg til å førebygge menneskehandel og til å skape sterke og trygge familiar. Vi er òg engasjerte i klimasmart jordbruk og landsbyutvikling i avsidesliggende landsbyar i Nord-Thailand. Vi formidlar nåde i eit land der den vanlege tankegangen er at ein får som fortent.



THAILAND

©MARIT MJØLSNESET/NMS

SAMAN MED misjonærar frå fleire afrikanske land og lokale medarbeidarar driv vi eit arbeid som i hovudsak rettar seg mot fulaniane, eit nomadefolk med ein sterk og stolt tradisjon. Vi deler trua på Jesus i ord og handling, og Bibelen vert omsett til fulani. I samarbeid med lokale helsearbeidarar jobbar vi målretta mot skadar knytt til fødsel og omskjering hos kvinner. Arbeidet gir svært gode resultat. Gjennom produksjon av radioprogram formidlar ein både kristen tru og undervisning om aktuelle tema. Det vert drive diakonalt arbeid, også blant internflyktningar.



MALI

©NMS-INFO